



Kommunevalprogram for Ålesund Senterparti 2019

Vedteke av medlemsmøte 2.april 2019

Grunnsyn

Målet for det politiske arbeidet til Senterpartiet er å utvikle eit samfunn av frie og sjølvstendige menneske som med tru på egne evner tek ansvar for livet sitt, for fellesskap og for natur og miljø. SP legg dei kristne og humanistiske verdiane til grunn, og ynskjer at samfunnet skal bli bygd nedanfrå.

Senterpartiet vil arbeide for eit samfunn med små skilnader, større rettferd, og sikre gode og likeverdige tenester der folk bur. Vi vil sikre eit godt og velfungerande lokaldemokrati med lokalt engasjement og medverknad der folk skal få delta aktivt i utforminga av samfunnet. Vi vil ha ein kommune med levande lokalsamfunn der folk bur med eit desentralisert tilbod av tenester innan skule, helse og omsorg, samferdsle, næring og kultur.

Ålesund skal vere ein “ja-kommune” der administrasjonen og politikarane tar innbyggjarane på alvor. Det inneber at alle innbyggjarane skal bli møtt med respekt og lytta til før avgjerder vert tekne. Lokal identitet og nærdemokrati skal prioriterast høgt. Basistenestene skal i hovudsak vere lokalisert der dei er i dag.

Oppvekst

Vi seier ja til ein desentralisert skule. Senterpartiet vil ha ein skulestruktur som gir born- og ungdom skuleplass der dei bur. Senterpartiet vil vidareføre prioriteringane av vedtekne skulebygg i komande periode.

Skulen skal vere ein god arbeidsplass for alle tilsette og ha eit godt læringsmiljø for elevane. Føresette skal vere trygge for at elevane ikkje vert utsette for mobbing, eller andre negative fysiske- eller psykiske påverknader i skulekvardagen. Det skal utan opphald setjast inn tiltak når eit barn treng hjelp.

Senterpartiet vil ha langt fleire godt kvalifiserte helse- og sosialarbeidarar i skulen. Senterpartiet sitt tydelege mål er at alle elevane i kommunen skal ha lik tilgang på informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) og internett i skulen. Det som er ulikt i skulen ved overgangen til den nye kommunen, skal utjamnst i positiv retning snarast råd.

Senterpartiet vil ha eit sterkare barnevern. Dersom ein familie kjem i krise, er barnet ein del av krisa. Godt førebyggjande arbeid er svært viktig og må prioriterast. Difor må innsatsen mellom blant anna barnehage, skule og barnevern samordnast tettare enn i dag. Ressursbasen må vidareutviklast.

Senterpartiet vil gi alle born i kommunen eit barnehagetilbod med kvalifisert personell nær heimen. Det skal vere balanse mellom kommunale- og ideelle/private barnehagar. Barnehagane i kommunen skal ha like løns- og arbeidsvilkår.

Skulefritidsordning skal vere ei positiv oppleving for borna med aktive og godt kvalifiserte tilsette. Dei skal gi borna leksehjelp og ha både innandørs- og utandørsaktivitetar. Borna sit fleire timar på skulebenken og treng difor å bruke kroppen. Turar i naturen og ballspel er døme på dette. Kroppsøving er eit underprioritert fag. Det er alvorleg om borna sit for mykje roleg med data/nettbrett.

Alle born skal få symjeopplæring i skulen så tidleg som råd. Det er eit mål at alle born skal lære å symje medan dei går i barneskulen.

Vi vil:

- Sikre full barnehagedekning i kommunen og arbeide for at barnet ditt får ein plass nær heimen sin.
- Sikre kvalifisert personell til barnehage og skule. Godt utdanna lærarar og personell med kompetanse til å arbeide tverrfagleg med fag, miljø og åtferdsutfordringar, er ein føresetnad for ein god skule.
- Motverke psykiske vanskar og fråfall frå skuleløpet gjennom tidleg inngrep, stabile helsetenester og ressursbase. Vi skal vere gode på førebyggjande tiltak og behandling for å fange opp unge i risikogrupper for vald, omsorgssvikt og rus.
- Tillitsreforma bør innførast i kommunen sitt arbeid med skule og barnehage.
- Forplikte kommunen til å ha lærlingar og stille krav ved innkjøp om at leverandørar har lærlingar.
- Styrke ungdommen sin kjennskap til- og kontakt med næringslivet.
- Støtte og utvikle MOT-arbeidet i kommunen.
- Satsing på integrering og norskopplæring for flyktningar.
- Ha absolutt nulltoleranse for mobbing og ha klare retningslinjer og tiltaksplanar for å hindre dette i nært samarbeid med skule / heim.

Helse og omsorg

Ålesund sjukehus skal ivaretaast og vidareutviklast som det største og mest differensierte sjukehuset i fylket.

Senterpartiet vil at eldre skal ha eit godt og tydeleg hjelpetilbod der dei bur. Dei som bur heime, skal vere trygge på at hjelpa aldri er langt unna, natt som dag.

Eldre som mottek hjelpetilbod heime, skal få høve til å vurdere og eventuelt endre tilbodet i samråd med heimetenesta i den bydelen dei bur.

Ålesund kommune skal ha eit tilstrekkeleg tilbod tilpassa trongen; enten det er omsorgsbustadar med tilsyn, omsorgssenter eller sjukeheimar. Ingen skal oppleve å stå på vent over tid når trongen endrar seg.

Det er sjølvsagt for Senterpartiet at maten skal vere velsmakande og næringsrik; og at maten i hovudsak vert tillaga på institusjonane.

Vi vil:

- Sikre brukarane av tenestene medråderett over eigne liv i planlegging og gjennomføring av helse og velferdstenestene. Leggje til rette for at folk skal bu heime så lenge som råd, og slepp å flytte langt innanfor kommunen når ein treng meir pleie i omsorgsbustad og sjukeheim.
- At alle sjukeheimar bør ha eige kjøkken og ansvarleg kokk.
- At kommunen må organiserast slik at fleire får tilbod om fulltidsstillingar.
- Sikre desentraliserte og likeverdige helsetenester i heile kommunen.
- Vidareutvikle eit desentralisert tilbod innan rus og psykiatri.
- Vidareføre Sjøholt DPS med det tilbodet som der har vore, fordi det er viktig for den kommunale helsetenesta.

Kultur og idrett

Det frivillige arbeidet innan idrett, friluftsliv og ulike kulturtilbod er berebjelken i kommunen. Det gir foreldre og føresette unikt høve til opplevingar saman med born og ungdom i eit stort- og inkluderande fellesskap.

Senterpartiet ynskjer eit mangfald i kulturlivet, og vil ha eit attraktivt og inkluderande samfunn der alle som driv kulturaktivitetar, skal ha gode vilkår.

Senterpartiet vil utvikle ei langsiktig og forpliktande støtteordning til kulturlivet. Kulturskulen er ein av hjørnesteinane i det organiserte kulturlivet. Den planlagde kulturskulen saman med ny vidaregåande skule på sørsida i Ålesund, skal byggjast.

Samstundes vil Senterpartiet at kulturskulen skal vere desentralisert og ha gode tilbod i heile kommunen. Ventelistene skal byggjast ned.

Kor og korps skal ha ein sentral plass i kulturlivet i kommunen. Det skal vere ei fast årleg støtte basert på medlemstalet og retta både mot born og vaksne.

Frivillige skal ha tilgang til kommunale arenaer på overkomelege vilkår.

Vedtekne idrettshallar skal byggast i samsvar med prioriteringar og vedtak i dei tidlegare kommunane. Idrettshallane skal i hovudsak vere fleirbrukshallar av god kvalitet. Der det er naturleg, skal dei også fungere som “bydelshus”.

Kommunen skal kunne forskottere idretts- og kulturanlegg der det er gitt tilsegn om tippemidlar, for å kome tidlegare i gang.

Senterpartiet vil fokusere på at kommunale tilskot til festivalar skal vere stabile over ein periode, og at tilskota skal imøtekomme krav for til dømes fylkeskommunale eller statlege tilskot der det er aktuelt.

Senterpartiet vil vidareutvikle etablerte turområde, og vere ein konstruktiv bidragsytar til nye rekreasjonsområde. Senterpartiet vil setje friluftslivet høgt på sin agenda i kommunen.

Friluftslivet kjenner ingen kommunegrenser. Sunnmøre friluftsråd er difor ein naturleg samarbeidspartnar i utviklinga av friluftstilbodet.

Senterpartiet vil støtte betre tilkomst til Fjellstua og Aksla; gjerne ved at selskap tar på seg å byggje heis. Fjellstua er ein av dei mest besøkte stadane i kommunen, men ein bør unngå auka biltrafikk til byfjellet i framtida.

Vi vil:

- Gi gode økonomiske rammer og vilkår for organisasjonar og lag som driv kulturarbeid, idrett og aktivitetar knytt til friluftsliv i den nye kommunen.
- Ta vare på- og vidareutvikle alle folkebiblioteka i kommunen.
- Ta vare på kommunedelssentra som knutepunkt og møteplassar for kulturskapande liv og dugnadsånd.

- Verne om etablerte institusjonar og arenaer for kulturliv og idrett ute i kommunedelane, noko som er viktig for lokal samkjensle.
- Idrettsrådet er ein viktig samarbeidspartnar for korleis vi disponerer tilskot til idretten.
- Hegne om naturområde frå fjord til høgfjell til rekreasjon for alle.
- Behalde grønne lungar og naturleikområde også i tettbygde delar av kommunen.
- Vidareføre satsinga på ungdommens kulturmonstring (UKM).

Kyrkje og religion

- Behalde- og stelle vel med alle kyrkjebygg og kyrkjegardar i kommunen.
- Byggje Hatlehol kyrkje
- Leggje til rette for livssynsnøytrale seremonirom

Samferdsle og kommunikasjon

Utvikle samferdsleløyningar i- og mellom by og land som gir kortast mogleg reisetid. Bruke ny miljøvenleg teknologi i samferdsle.

“Bypakken” vil regulere det meste av veg, gang- og sykkelveg i tidlegare Ålesund kommune. Senterpartiet vil delta konstruktivt i det vidare arbeidet her.

Senterpartiet er positivt til GPS-prising om det er godt nok utvikla og kan innførast i staden for bomstasjonar. Det må ikkje føre til høgare kostnader for brukarane. E39 frå Vegsund til Breivika må på plass så tidleg som råd.

Senterpartiet støttar prioritert buss i staden for superbuss i eigne felt eller bybane. Busstilbodet i den nye kommunen må samordnast og tilpassast trafikken i alle delar av kommunen. Senterpartiet meiner at det må plasserast elektroniske tavler med avgangstider på alle haldeplassar som varslar om bussen er i rute, og eventuelle forseinkingar. Senterpartiet viser til ferjekaiene der slike tavler er på plass og fungerer godt.

Senterpartiet vil setje av ein årleg sum til gang- og sykkelveg i område som ikkje vert omfatta av “bypakken”.

- Romsdalsaksen skal utgreiast som alternativ til Møreaksen.
- Hamnsundsambandet skal realiserast.
- Storfjordsambandet og Børdalslinja i Ørskog skal utgreiast vidare, og realiserast.
- Brosundtunellen skal vere ein del av “bypakken” i Ålesund.

Etablere nasjonalhamn for marine- og maritime næringar.

Etablere ei god løysing for landstraum til skip. Det vil medføre ei vesentleg investering, og for å kunne realiserast, vil det krevje ein forpliktande avtale om bruk av landstraum for skip som går innom Ålesund.

Vi vil:

- Bygge fleire gang- og sykkelveggar i heile kommunen.
- Vere garantist for at innbyggjarane på Nordøyane får eit godt ferjetilbod i byggjeperioden for Nordøyvegen.
- Sikre god kollektivtransport som knyter kommunen saman.
- Ha eit utvida snøggbåttilbod. Strekinga Sydsida til NMK, Breivika og eventuelt Ellingsøya bør vurderast som eit pilotprosjekt for miljøvennleg teknologi.
- At alle skal ha tilbod om fibernett.
- At det skal vere solide rammer for vedlikehald av det kommunale vegnettet.
- Ha ei trafiksikker løysing for fylkesveg 665 Valle – Glomset – Magerholm.
- Sikre rask bygging av Brosundtunellen frå Ysteneset til Skutvika.

Næring og miljø

Senterpartiet vil føre ein næringspolitikk som legg til rette for eit livskraftig næringsliv og for verdiskaping i heile kommunen. Det er eit offentleg ansvar å føre ein aktiv næringspolitikk. God næringspolitikk og god klimapolitikk heng saman. Gjennom å satse på ny teknologi, bioøkonomi og meir krinsløpøkonomi, må vi forme verdiskapinga og arbeidsplassane for morgondagen.

Kommunen må ha ei eiga næringsavdeling med ansvar for å fremje eit konkurransekraftig- og allsidig næringsliv.

Privat eigarskap og privat initiativ er heilt avgjerande for verdiskapinga i Noreg. For å sikre nyskaping, er det viktig å stimulere til at små og mellomstore verksemder får gode vilkår. Vi er for kommunalt eigarskap der dette er naudsynt for å sikre lokale interesser.

Vi vil medverke til ein klar strategi for å utvikle alle delar av kommunen. Naturbasert næringsliv som landbruk, fiskeri og produksjon av norsk kvalitetsmat skal styrkast og vidareutviklast.

Den maritime næringa betyr mykje for industri og næringsliv. Ho omfattar eit breitt spekter av ulike større og mindre verksemdar med eit mangfald av tenester og produkt. Denne næringa er i ei særstilling i kommunen, og Senterpartiet vil arbeide for at ho skal få gode vilkår for å utvikle seg. Kommunen må leggje til rette for at samarbeidet mellom skule og næringsliv blir prioritert i heile utdanningsløpet frå grunnskule til universitet. Miljøa ved Campus Ålesund, NTNU og NMK må ha ein sentral plass i dette.

Ålesund, Skodje, Sjøholt, Brattvåg og Steinshamn skal vidareutviklast som knutepunkt for handel, service og kultur.

Politikken til Senterpartiet skal føre til at Ålesund blir ei sterkare motvekt mot sentralisering til større byar som Trondheim, Bergen og Oslo.

Utvikling av nye nærings- og bustadareal skal ikkje gå ut over landbruket. Aktiv næringspolitikk som også omfattar landbruk og turisme. Sikre eit levedyktig landbruk.

Senterpartiet vil arbeide for at eigedomsskatten kan trappast ned etter at vedtekne byggeprosjekt innan skule, kultur og helse er realisert.

Senterpartiet vil ha ein gjennomgang av heile avfallshandteringa i Ålesund kommune. Senterpartiet vil arbeide for at ÅRIM, Bingsa Næring og Tafjord kraftvarme samarbeider for å sikre at innsamla avfall vert utnytta lokalt.

Senterpartiet vil vere lydhøyr og imøtekomande overfor dei mange næringsmiljøa i kommunen.

Senterpartiet vil arbeide for å få på plass landstraum til skipsfarten i størst mogeleg grad ved alle offentlege hamner i kommunen. Det krev ein bindande avtale om å nytte landstraum for skip som legg til kai i Ålesund.

Senterpartiet vil auke utskiftinga av vass- og avløpsrøyr i kommunen, men ein må samstundes vurdere dei totale kostnadene som vert lagde på brukarane. Ei gradvis nedtrapping av eigedomsskatten gir rom for å auke utskiftinga ut frå ein samla kostnad for den einskilde.

Det må byggjast eit reserve vassbehandlingsanlegg i samsvar med pålegg frå Mattilsynet. Ålesund kommune har fleire reinseanlegg som ikkje tilfredsstillar krava til utslepp. Senterpartiet vil vurdere om eksisterande reinseanlegg kan oppgraderast, eller om det må byggjast eit nytt reinseanlegg i samarbeid med fleire kommunar.

Ta godt vare på natur og miljø i nye Ålesund og bevare grøne lunger i tettbygde område.

Ja til nytt vassforsyningsanlegg i Holsfjellet – av omsyn til beredskapen.

Vi vil:

- Arbeide for å få fleire statlege arbeidsplassar til kommunen.
- Leggje til rette for at Ålesund skal vere ein attraktiv bukommune i ein stor arbeidsmarknadsregion.
- Syte for berekraftig ressursforvaltning på land og til havs.
- Støtte rekruttering og gode arbeidsvilkår innan fiskerisektoren.
- Ta i bruk havrommet og støtte nyetablering av havnæringar.
- Oppretthalde produksjon av trygg og rein mat.
- Sikre eit sterkt jordvern ved å leggje til rette for bustadsbygging på areal som ikkje er eigna for landbruk.
- Stimulere til omsetting av gardsbruk som ikkje er i drift.
- Hindre nedbygging av landbruksjord.
- Tillate at våningshus kan skiljast frå som frittstående bustad når heile gardsbruk vert selde for å auke landbruksareal i aktiv drift.
- Arbeide for nyetablering i alle delar av kommunen.
- Sikre rikeleg næringsareal i heile kommunen.
- Medverke til at landbrukskontoret har høg kompetanse for å hjelpe og bidra til eit framtidsretta og levedyktig landbruk som produserer rein og god mat av høg kvalitet.
- Leggje til rette for andelslandbruk.
- Ta vare på landbruksjorda for komande generasjonar.

Miljø

- FNs berekraftsmål skal vektleggjast i alle planar i den nye kommunen.
- Satse på teknologiutvikling og produksjon av fornybar energi, til dømes vindkraftproduksjon til havs, solenergi og små vasskraftanlegg.
- Auke talet på ladestasjonar i kommunen.
- Kommunen må aktivt bruke innkjøpsregelverket til å fremje miljøvennlege produkt og løysingar ved alle innkjøp.
- Jobbe for å sikre like forhold for både privat- og offentleg næring gjennom eit organisert arbeidsliv.
- Kommunen må sjølv ta i bruk elektriske bilar og ny teknologi.
- Vidareføre handlingsplan frå noverande Ålesund kommune om å verte "Plastfri kommune" innan 2025.
- Støtte opp om innsamling av plast m.m.
- Brusdalsvatnet og andre drikkevasskjelder må sikrast mot forureining.

Jugendbyen

- Vi skal ta vare på jugendbygningane, og på nybygg skal det skal vere saltak med skifer.
- Vi vil ta vare på brostein i gatene i tilknytting til eksisterande jugendbygningar.
- Vi vil ta vare på alle grønne lunger i sentrum og bevare Dronnings Sonjas plass som ope område.
- Vi vil tilsette ein byantikvar, og la Jugendstilsenteret vere høyringsinstans i saker som vedkjem bygningar og område i jugendstil.

Kommunedelsutval

- Kommunedelsutvala skal styrke nærdemokratiet.
- Medlemmene i Kommunedelsutvalet skal vere busett i kommunedelen og vere over 16 år.
- Kommunedelsutvalet skal ha uttalerett i alle saker som vedkjem deira kommunedel, til dømes samferdsel, byggesaker, landbruksareal, barnehage- og skulestrukturen, helse- og omsorgstilbodet.
- Leiaren i Kommunedelsutvalet skal ha talerett i alle vedtaksorgan i den nye kommunen.